# Her er dei fem verktøya i Tidleg inn

Verktøya består av 2 eller 4 A4-ark som du teipar saman til eit underlag som guidar dykk gjennom samtalen i avdelinga. Skriv ut fleire eksemplar ved behov.

**BLI KJENT**



**FORSTÅ**



**UTDJUPA**



**LØYSE**



**PRØVA**





inkluderende arbeidsliv

# **BLI KJENT:** Korleis har eg det på jobb?

## 1

**Individuell refleksjon**
*Bruk først 5 minutt til å notera kvar for dykk. Bruk deretter 5 minutt til å dela tankane med kvarandre.*

**a) Kva er viktig for at eg skal ha trygge samtalar med kollegaene mine?**
**b) Når kjenner eg på meistring på jobb?**
**c) Kva rutinar bidreg til at eg har det bra på jobb?**

## 2

**Felles refleksjon**
*Bruk 10 minutt til å diskutera spørsmåla saman.*
*Fest gjerne post-it-lappane på arket, så alle ser det same.*

**a) Kva er unikt med avdelinga vår?**
**b) Korleis passar me på at alle blir høyrde?**
**c) Korleis gjer me kvarandre gode?**

3

**Idémyldring**

*Bruk 10 minutt til å diskutera saman.*
*Fest gjerne post-it-lappar på arket for å samla idéane dykkar og for å bruka dei seinare.*

**a) Korleis vil me ha det på jobb?**

**Neste steg: FORSTÅ**

# **FORSTÅ:** Korleis ser arbeidsdagen vår ut?

## 1

**Kva fungerer bra på jobb i dag?**
*Bruk 5 minutt kvar for dykk, og så 10 minutt felles.*
*Skriv ned eksempel og tankar på post-it-lappar. Ta gjerne utgangspunkt i dei ulike situasjonane som vist i figuren under.*

**I møte med barna**

**I møte med leiar**

**I møte med tillitsvald/ verneombod**

I møte med foreldre

I møte med kollegaer

I møte med andre

I møte med tillitsvald/
verneombod

I møte med leiar

I møte med barna

## 2 Kva er utfordrande på jobb i dag?

*Bruk 5 minutt kvar for dykk, og så 10 minutt felles.*
*Skriv ned tankar og opplevingar på post-it-lappar. Ta gjerne utgangspunkt i dei ulike situasjonane som vist i figuren over.*

I møte med andre

I møte med kollegaer

I møte med foreldre

3

**Prioriter utfordring**

*Alle får tre stemmer kvar. Bruk ein tusj og teikn ein prikk på utfordringa du vil at de skal jobba vidare med i første omgang. Du kan velja å setja alle dei tre prikkane dine på éi utfordring, eller fordela prikkane på fleire. Tel opp prikkane til slutt. Utfordringa som får flest stemmer skal de ta med dykk vidare.*

Neste steg: UTDJUPA

# **UTDJUPA:** Kva årsaker og konsekvensar ser me?

1

**Utfordring**
*Beskriv utfordringa de vil utdjupa.*

2

**Årsak**

*Bruk 10 minutt felles. Beskriv årsakene til at utfordringa oppstår. Fest post-it-lappane på arket så alle kan sjå det same .*

3

**Konsekvensar**

*Bruk 10 minutt felles. Bruk post-it-lappar til å beskriva konsekvensane av utfordringa.*

4

**Frå utfordring til mål**

*Bruk 5 minutt. Skriv utfordringa om til eit mål for avdelinga. Kva ønskjer de å få til saman?*

Neste steg: LØYSE

# **LØYSE:** Me kan finna ei god løysing saman

1

**Skriv målet dykkar her:**

3

**Føreslå fem realistiske idéar:**

*Bruk 2 minutt kvar for dykk, og så 8 minutt felles. Tenk på løysingar. Kva kan de gjera for å oppnå målet dykkar? Tenk på idéar som realistiske, enkle å gjennomføra og innanfor rammene og ressursane i avdelinga.*

2

**Foreslå fem ville idéar:**
*Bruk 2 minutt kvar for dykk, og så 8 minutt felles. Tenk på løysingar. Kva kan de gjera som er utanfor rammene og ressursane i avdelinga?*

4

**Prioriter ein idé**

*Alle får tre stemmer kvar. Bruk ein tusj og teikn ein prikk på idéane du vil at de skal jobba vidare med i første omgang. Du kan setja alle prikkane på ei utfordring, eller fordela dei på fleire gode idéar.*

*De kan stemma på både dei realistiske og dei ville idéane. Den idéen som får flest stemmer skal de ta med vidare til verktøyet PRØVA.*

5

**Beskriv idéen**

*Bruk 10 minutt i fellesskap til å beskriva idéen dykkar litt meir utfyllande, og reflekter over kva behov idéen møter som er viktige for dykk. Viss de oppdagar at idéen ikkje er mogleg å gjennomføra innanfor dagens rammer og handlingsrom, bør de prøva å tilpassa idéen. Det kan også vera relevant å inkludera styrar og HMS-gruppe for å prøva ut ein idé som de har tru på, og som vil krevja tid og ressursar frå fleire.*

*Start med å gi idéen eit namn:*

**Neste steg: PRØVA**

# **PRØVA:** Slik vil me prøva ut løysinga

**Arbeidsmøte 1: Planleggja prøveperioden**

1

**Løysinga steg for steg**
*Bruk 15 minutt felles. Ta utgangspunkt i idéen de har valt. Teikn og beskriv løysinga som ei historie med fire steg. Kva skjer og når skjer det? Handlar løysinga om å førebyggja ein vanskeleg situasjon, eller handlar ho om å løysa ei utfordring når ho oppstår?*

*Første steg:*

*Involverte:*

*Andre steg:*

*Involverte:*

3

**Når skal me testa løysinga?**
*Bestem dato for oppstart, midtvegsevaluering og slutt på perioden for test av løysing.*

*Oppstartsdato:*

*Midtvegsevaluering:*

*Dette verktøyet blir brukt i tre arbeidsmøte*

# 2

**Kven er involverte?**

*Bruk 5 minutt felles. Ta utgangspunkt i dei fire stega i løysinga.*
*Beskriv kven som er involverte og kva ansvar dei har.*

*Tredje steg:*

*Involverte:*

*Fjerde steg:*

*Involverte:*

*Sluttdato:*

4

**Midtvegsevaluering**
*Bruk 10 minutt. Beskriv korleis løysinga dykkar har fungert så langt. Kva fungerer bra? Kva fungerer ikkje så bra? Er det noko som bør justerast før de held fram testinga?*

## 5 Evaluering av løysinga

*Bruk 10 minutt felles. Kva ønskjer de å gjera vidare? Vel eit alternativ basert på det de har lært undervegs i utprøvinga:*

- [ ] Løysinga fungerer og er noko me vil halda fram med.
  *Diskuter korleis løysinga kan bli ei varig endring i kvardagen.*

- [ ] Me har tru på at løysinga kan fungera, men me må justera ho.
  *Diskuter justeringar og planlegg ein ny prøveperiode.*

- [ ] Me meiner løysinga ikkje fungerer.
  *Diskuter kvifor løysinga ikkje fungerer, og gå deretter tilbake til Rettleiaren.*